

## – Skulle vi berre teke med oss sekkar som er perfekt sortert, kunne vi nesten ikkje ha teke med oss noko

Arne Hjorth Johansen

Heime på kjøkkenet skyler vi yoghurtboksane og ketchupflaskene som best vi kan. Vi sorterar ut dei tomme ostepakane, og det vi kan av plastemballasje.

Alt hamnar i den gjennomsiktige sekken som er meint for denne typen avfall, og kvar fjerde veke plasserer vi den sekken ut i gata slik at bossbilen til Nomil kan kome og hente den.

### Men kva skjer etterpå?

I eit samarbeid med andre lokalaviser, Senter for undersøkjande journalistikk og organisasjonen Investigate Europe har vi prøvd å finne ut kva som skjer med plasten etter at vi har levert den frå oss.

Den første etappen tek vi i bossbilen til Nomil, saman med Arild Hindøy og Fredrik Buer ein måndag i april. Dei er ute og hentar plastsekkane frå husstandane i Florø sentrum.

### Tek det på vekta

– Folk har blitt flinke til å sortere. Det har vore ei betydeleg auke i plastavfallet etter at Nomil tok over, forklarar Hindøy.

Det er han som er sjåfør på ruta denne dagen. Buer står bak på bilen og lempar inn sekkane. Begge to er yrkessjåførar, så dei byter på kven som gjer kva.

### Hindøy starta i jobben medan kommunen hadde renovasjonen sjølv. Så blei han overført til Nomil etter kommunesamanslåinga i 2020.

Og folk har altså blitt flinkare til å sortere plasten, men feilfrie er vi ikkje. Blir vi for slepphendte med sorteringa, hender det at bosset blir ståande igjen uhenta, med ein lapp hengande på som forklarar kvifor Nomil ikkje har henta bosset denne veka.

– Vi kan ofte kjenne det på vekta på sekkane kor godt dei er sortert. Den plasten som skal resirkulerast veg som oftast veldig lite, er det annan type plast i sekken merker vi det fort på tyngda, seier Hindøy.



TONNEVIS: Arild Hindøy lempar nok ein sekk bak i bossbilen. Det skal nokre sekkar til for å fylle opp. Foto: Arne Hjorth Johansen

### Plast er ikkje berre plast

Han fortel at i det halvåret vi no er inne i er det vedsekkar folk syndar mest med. Det hamnar ofte i plastsekken, men det skal i restavfallet. Andre gjengangarar er leiker, som til dømes vassgevær eller liknande. Det er plast, men det skal ikkje til resirkulering. Dette skal også i restavfallet.

– Det er ikkje lett å sortere, for plast er ikkje berre plast. Det er mange sortar, og det er ikkje alt som skal til resirkulering. Men det er ikkje alltid så lett å vite kva som skal i plastavfallet og kva som skal i restavfallet. Chipposar til dømes. Kims sine posar er rein plast og skal i plastsekken, medan Maarud sine ikkje skal det. Så har du Sørlandschips som er papir, men ofte går i restavfallet.

Er du i tvil kan det vere greit å ta ein titt bak på emballasjen. Der skal det stå korleis den skal sorterast.

### EUROPAS PLASTKRISE

Saman med lokalaviser over heile Norge, [Senter for undersøkende journalistikk](#) og journalistgruppa [Investigate Europe](#), har Firdaposten forsøkt å finne ut kva som skjer med plastemballasjen etter at vi har kasta den.

Prosjektet er ein del av Investigate Europe sitt graveprosjekt #Wasteland, som vert publisert i 10 europeiske land. Investigate Europe har støtte frå Fritt Ord.

Framover vil Firdaposten publisere ei rekke saker om dette temaet.

Les dei internasjonale sakane på [Investigate Europe](#) sine nettsider.

Hindøy peiker på Pringles som eit anna døme på emballasje det er vanskeleg å vite korleis ein skal sortere. Pakka er laga av både papir, plast og metall, og skal difor i restavfallet. Andre produkt som ofte hamnar feil er kaffiposar, som det er lett å tru skal i plastavfallet, men som er laga av aluminium og skal i restavfallet. Taco, krydder og suppeposar er laga av ei blanding av papir og plast, og skal heller ikkje i plastbosset. Det seier seg sjølv at det er lett å trå feil i sorteringsjobben.

– Vi er ikkje superstrengte, ser vi at det ligg eit lokk der som er feilsortert men det elles ser bra ut så tek vi sekken med oss. Skulle vi berre ha teke med oss sekkar som er perfekt sortert kunne vi nesten ikkje ha teke med oss noko. Men vi ser kva vi tek inn, og det har blitt mykje betre.



BAKMANN: Fredrik Buer står bakpå bilen då Firdaposten er med på ruta. Men begge dei to som jobbar på bilen er yrkessjåførar, dei køyrar som oftast annan kvar dag. Foto: Arne Hjorth Johansen


### Farlege situasjonar kvar dag


Hindøy fortel at før han begynte å jobbe på bossbilen hadde han vore litt rundt omkring. Han har jobba på både sjukeheim og på Miljøhuset, men dei siste fire åra er det renovasjon som har vore bransjen. Her trivst han godt, og han fortel at dei har fått meir å gjere etter at Nomil tok over ansvaret i 2020.

– Kva er det beste med jobben din?

– Eg elsker å køyre bil, så det er kanskje det beste. Så er kollegaene eg har her dei beste eg har hatt. Vi er så få at det er viktig at alle går i lag, og det gjer vi.

– Kva er det verste då? Er det mykje kjeft å få?





ALDRI KJEKT: Det er aldri kjekt å finne ein slik på bosspannet, men det er som oftast ein god grunn til at den heng der. Foto: Arne Hjorth Johansen

– Det har vore lite i det siste. Nei, kjeft gjer meg ikkje noko, det er lett å avverge. Det er berre å forklare kvifor vi gjer som vi gjer, så går det fint. Nei, det verste må vere at det er mykje rar trafikk. Det kan vere krevjande, og det er farlege situasjonar kvar dag. Folk må vere tolmodige med oss. Av og til må vi stå på vegen, det er ikkje alle stader vi kan sleppe folk forbi. Vi må også vere tolmodige. Dei andre seier at eg er for snill når eg køyrer, at eg slepp dei fram i staden for å stå på retten min, men eg prøver berre å løyse det. Det er ein stor bil, den er nesten tolv meter lang, og mange smale vegar. På skulevegane har vi litt å tenke over, og på glatta kan det vere utfordrande. Men vi har kjettingar og strøsand og kan nokre småatriks. Nei jobben er grei den, seier Hindøy og stoppar bilen for å plukke opp nye sekkar.

**Denne gongen kjem Buer til vindauguet for å få ein lapp å henge på sekken. Det er for mykje ureglementert plast i sekken til at dei vil ta den med seg.**

– Her er det ein hageslange. Den skal ikkje i plastavfallet. Så er det mange eingongshanskar. Det ser vi også ganske mykje av, men det er ein grunn til at dei heiter eingongshanskar. Dei skal i restavfallet, forklarar Hindøy medan han fyller ut lappen og gir den til Buer som heng den på sekken og set den tilbake igjen der den stod.



SJÅFØR MED STIL: Arild Hindøy elsker å køyre bil, difor likar han også godt jobben i Nomil. Kollegaene er også eit stort pluss. Foto: Arne Hjorth Johansen

**Gått bananas**



## I Florø og sentrumsnære strøk køyrer Nomil egne ruter der dei berre samlar inn plastsekkar.

Ifølge Hindøy hentar dei inn om lag åtte tonn med plast i månaden. Når ruta er ferdig og bilen full køyrer dei til Nomil sitt anlegg på Eidsmona rett utanfor Sandane, og leverer den der. All plasten i Nomil sitt område hamnar der, før den blir sendt vidare ut i verda.

Det kjem vi tilbake til seinare. På vår runde med bossbilen i Florø sentrum har vi komme oss opp i Kleiva, og plutselig har Fredrik Buer forsvunne frå plassen sin bak på bossbilen.

– Kor blei han av, undrar Hindøy, og hoppar ut av bilen for å sjå om det har skjedd noko.

### Etter ein liten stund klatrar han inn i bilen igjen. Buer er observert, og alt er i orden.

– Det var nokre fuglar som hadde gått litt bananas på ein av sekkane, så han stoppa for å rydde opp litt. Det er greitt om det ser ålreit ut etter at vi har vore der, seier Hindøy med eit skeivt smil.



VEGS ENDE: Nomil-gutane slepp av Firdaposten sin utskremde ved Firdaposten sine lokaler. Sjølv har dei framleis litt igjen å køyre. Plasten blir til slutt køyrt inn til Nomil sitt anlegg ved Sandane. Foto: Arne Hjorth Johansen

– No som du har merksemda til lesarane våre. Bortsett frå at vi stadig må bli flinkare til å sortere, er det noko vi må skjerpe oss på når det gjeld plastbosset?

– Vi ser at det er mange som bruker vanlege plastsekkar til plastbosset. Vi ser helst at de brukar Nomil sine egne sekkar. Dei er litt tjukkare, meir robuste og lagd for å tole bosset. Dei vanlege sekkane har lettare for å sprekkje, og då blir vi ståande å plukke opp bosset. Det er utriveleg for oss.

– Har alle blitt flinke til å sortere bosset sitt no?

– Det er nokon som ikkje gidd å sortere, og som kastar alt i restavfallet. Så er det nokon som sorterer alt. Dei fleste er nok ein plass midt i mellom.

## INGANGSPLAST OG ANNAN PLAST

Emballasjeplast er blitt kalla “waste waiting to happen.” I 2021 utgjorde den [242 000 tonn](#) i Norge, ifølge forskarar. I tillegg vart [887 000 tonn plast](#) av meir haldbare typar satt på marknaden – i bygningsindustrien, bilar, fiskeria og havbruk, elektronikk og klede. Men heller ikkje haldbar plast har evig liv.

Plast er ekstremt hendig og har gjort mykje for velstandsauka. Men det har kosta miljøet og klimaet.

I dag blir kun 22 prosent av *all plast* i Noreg gjenbrukt eller resirkulert, [ifølge](#) rapporten. 70 prosent blir brent – og bidreg til sju prosent av Noreg sitt klimagass-utslepp.

Det vert langt verre om vi ikke tar kraftige grep, [trur forskarane](#): Då vil vi i 2040 produsere 34 prosent meir plast enn i dag. Det vil føre til 57 prosent meir søppel, 60 prosent meir forbrenning, som til slutt vil auke klimagassutsleppa med 21 prosent.

## PLANAR FOR SIRKULÆR-ØKONOMI

EU-kommisjonen har mange planar for å få til ein sirkulær økonomi med meir gjenbruk og gjenvinning. På dette området følger EØS-medlemet Noreg EU sine vedtak i tillegg til egne vedtak.

Mål om fem prosent [mindre plastemballasje](#) per innbyggjar i 2030, 10 prosent mindre i 2035 og 15 prosent mindre i 2040. (EU-forslag)

All plastemballasje på marknaden skal vere [gjenvinnbar](#) innan 2030 (EU-forslag).

[Obligatoriske minstekrav](#) for resirkulert plast i emballasje (EU-forslag).

Innan 2035 må norske kommunar sortere [minst 70 prosent](#) av plastavfallet (Vedtatt).

I dag skal minst 30 prosent av plastemballasjen i Noreg resirkulerast. I 2025 blir minstekravet sett til [47 prosent](#), i 2030 skal det opp til 50 prosent (Vedtatt).



[Les også](#)

**[Vi har eit kjempeproblem. Noko av det eksporterer vi. Resten brenn vi](#)**